

PLAN FOR DIAKONAL VERKSEMD

ÅR 2017 OG 2018

BRYNE KYRKJELYD

Innleiing:

- Planen for diakonal verksemd tek utgangspunkt i Kyrkjerådet sin Plan for diakoni i Den norske kyrkja frå 2008. Målet er å konkretisera dei overordna tankane og strategiane i planen.
- Denne lokale diakoniplanen er gjennomarbeidd av diakon, diakoniutval og sokneråd, og vedteken på soknerådet sitt årsmøte i 2009. Deretter blei planen sendt til Fellesrådet som informasjonssak. Vidare skal planen evaluerast og oppdaterast annan kvart år. Dette blei gjort i 2011, 2013 og 2015. Planen blir nå i 2017 evaluert, oppdatert og vedteken på nytt, for så å bli sendt over til fellesrådet. Neste gong er om to år, i 2019.

Definisjon på diakoni er:

- ”*Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd.*”

Visjon for den diakonale tenesta i Den norske kyrkja:

- *Guds kjærleik til alle menneske og alt det skapte, verkeleggjort gjennom liv og teneste.*

Mål for diakonien er delt inn i dei fire hovudpunktta nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd.

- Nestekjærleik:
 1. *Den lokale kyrkjelyden har eit omsorgsarbeid som er retta mot lokale utfordringar.*
 2. *Kyrkje og kyrkjelyd inspirerer til eit liv i nestekjærleik.*
- Inkluderande fellesskap:
 1. *Fellesskapa i kyrkjelyden er opne og inkluderande.*
 2. *Kyrkjelyden deltek aktivt med å styrkje fellesskap og nettverk generelt i lokalsamfunnet.*
- Vern om skaparverket:
 1. *Kyrkje og kyrkjelyd arbeider med den bibelske forståinga av Guds skaparverk og mennesket som ein del av det.*
 2. *Kyrkjelyden og den enkelte er aktivt og konkret med på å skape ein positiv livsstil som fremjar balanse og heilskap.*
- Kampen for rettferd:
 1. *Kyrkje og kyrkjelyd engasjerer seg i rettferdig fordeling av ressursane i verda.*
 2. *Kyrkje og kyrkjelyd står opp for menneske som får krenkt menneskeverdet sitt.*

Lokale mål: Vi ønskjer at Bryne kyrkjelyd er eit fellesskap.....

- som stadig er opptatt av å integrere diakonien som ein naturleg og sentral del av kyrkjelydsarbeidet
- som inkluderer (ønskjer velkomen)
- som er stader å vere både i glede og sorg og når livet opplevast vanskeleg
- der ein møter kvarandre med varme og respekt
- som formidlar Jesu kjærleik gjennom forkynning og praktisk diakonalt arbeid
- som har eit engasjement for lidande menneske

ÅRSPLAN

Verksemdområde:

1. Nestekjærleik

1.1. Hovudmål:

1. Den lokale kyrkjelyden har eit omsorgsarbeid som er retta mot lokale utfordringar.
2. Kyrkje og kyrkjelyd inspirerer til eit liv i nestekjærleik.

1.2 Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
1.2.1 Sorgarbeid / arbeid for etterlatne			
<ul style="list-style-type: none">• Oppsøking via brev, tlf. og besøk	Gi tilbod om besøk, samtale og sorggruppe	Diakon	Kontinuerleg
<ul style="list-style-type: none">• Sorggrupper for etterlatne (samarbeid, Jæren og Sandnes prosti)	Gi støtte og bearbeiding av sorg	Sorggruppeleiarar og diakon	Kontinuerleg og ved behov
<ul style="list-style-type: none">• Sorggruppeleiarar	Dele erfaringar. Rettleiing og debriefing	Diakon	Fortløpande i prosessen og etter kvar sorggruppe med leiarar frå Time er avslutta.
<ul style="list-style-type: none">• Minnegudsteneste m/ opplesing av namn	Gi støtte og bearbeiding av sorg	Time diakoniutval, diakon og prest	Kvar andre sundag i januar i Time kyrkje
<ul style="list-style-type: none">• Open kyrkje ved Allehelgensdag i Time kyrkje	Gi støtte ved besøk av gravene, bearbeiding av sorg, formidle det kr. håp	Time diakoniutval, diakon og organist	Kvar laurdag før Allehelgensdag i Time kyrkje
<ul style="list-style-type: none">• Temakveld om sorg (samarbeid med Jæren og Sandnes prosti)	Gi støtte og bearbeiding av sorg	Diakon	Ca ein gong i året, staden varierer mellom Sandnes og Jæren prosti
<ul style="list-style-type: none">• Samtalegrupper ved samlivsbrot (samarbeid, Jæren og Sandnes prosti)	Gi støtte og bearbeiding av reaksjonar	Diakon	Kontinuerleg og ved behov
1.2.2 Arbeid for eldre			
<ul style="list-style-type: none">• Åremålsbesøk, besøk til dei som fyller 80, 90, 95 og 100 år	Gje besøk med bokhelsing til alle medlemmar i kyrkjelyden som fyller rundt tal.	Diakon og diakoniutval	Kontinuerleg
<ul style="list-style-type: none">• Arrangera haustfest for alle over 60	Gje eldre høve til å koma saman til fest i regi av kyrkja	Bryne diakoniutval og diakon	Siste sundag i oktober (Bots og bøneding) kvart år
<ul style="list-style-type: none">• Torsdagstreff	Eit regelmessig og godt tilbod til eldre som er heime på dagtid	Eigen komité og Bryne diakoniutval	Tredje torsdag i månaden på dagtid i Bryne kyrkje

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
1.2.3 Besøkeneste			
<ul style="list-style-type: none"> • Oppsøkjande verksemd, besøk i heimar • Soknebod 	<p>Imøtekomma ønske om kontakt og samtale</p> <p>Gje nattverd i heimen til sjuke og dei som ikkje kjem seg til gudstenestene</p>	<p>Diakon, frivillige og Bryne diakoniutval</p> <p>Prest eller diakon</p>	<p>Etter avtale med den enkelte</p> <p>Etter avtale med den enkelte</p>
1.2.4 Samlivsarbeid			
<ul style="list-style-type: none"> • ”To på same kurs” og ”Eit annleis språkkurs” (Samarbeid med Jæren og Sandnes Prosti) • Weekendkurs (spesielt invitera dei som har gifta seg siste året) 	<p>Styrka samlivet i parforhold</p> <p>Styrka samlivet i parforhold</p>	<p>Frivillige medhjelpar-par som held kurs, diakon og styringsgruppe</p> <p>Frivillige medhjelpar-par som held kurs, diakon og styringsgruppe</p>	<p>Kontinuerleg oppstart i heimen til medhjelparpara</p> <p>På Holmavatn ved behov.</p>
1.2.5 Bønearbeid:			
<ul style="list-style-type: none"> • Lage bønnebrev • Bønegruppe • Bønekrukke og bønepostkasse i kyrkja • Tilby bønn med salving av sjuke 	<p>Mobilisera til bøn for kyrkjelyden</p> <p>Be for kyrkjelyden og bønbehov. Opent for alle</p> <p>Gje menneske ein muligheit for å melda bønbehov.</p> <p>Be for, og salve sjuke som ønskjar det</p>	<p>Frivillig bønegruppe</p> <p>Frivillig bønegruppe</p> <p>Frivillig bønegruppe</p> <p>Prest og/eller diakon</p>	<p>1 gong pr. semester</p> <p>Kvar onsdag kl 11-12.30 i dåpssakrestiet</p> <p>Kontinuerleg</p> <p>I heimen til den sjuke eller i kyrkja, etter avtale med den enkelte</p>
1.2.6 ”Kirkens SOS”			
<ul style="list-style-type: none"> • Informasjons spreieing, utplassere kort, plakatar og oppslag • Rekruttering av medarbeidarar 	<p>Gjere tilbodet kjent slik at folk får høve til å bruke det</p> <p>Få fleire menneske frå Bryne engasjert i Kirkens SOS sitt arbeide</p>	<p>Diakon, sokneråd og Helgedagen redaksjonen</p> <p>Sokneråd og diakon</p>	<p>Kontinuerleg, kunngjerigar og Helgedagen</p> <p>Kontinuerleg og særleg ved nye medarbeidarkurs som Kirkens SOS arrangerer</p>
1.2.7 Krisearbeid			
<ul style="list-style-type: none"> • Beredskapsarbeid, medlem av kommunalt kriseteam • Open kyrkje ved større ulykker o.a. regionalt eller lokalt 	<p>Gje støtte til dei som vert ramma av kriser</p> <p>Gje støtte i krisesituasjonar ved at dei kriseramma har ein plass å koma til ved kriser</p>	<p>Diakon og prest</p> <p>Diakon, prest og kyrkjeverje</p>	<p>Ved behov meldt frå kriseteamet sin leiar og kommunelegen.</p> <p>Bryne kyrkje, Time kyrkje, Undheim kapell, Lye fors.hus ved behov</p>

2. Inkluderande fellesskap

2.1. Hovudmål

1. Fellesskapa i kyrkjelyden er opne og inkluderande.
2. Kyrkjelyden deltek aktivt med å styrkje fellesskap og nettverk generelt i lokalsamfunnet.

2.2 Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
2.2.1 Menneske med utviklingshemming <ul style="list-style-type: none"> • Sundagstreff • Formiddagsgudsteneste med Bankers og sundagstreff • Gudstenesteverkstad • Påskebesøk på Bryne vgs, avd for kvardagslivstrening • Spør nokre av sundagstreff deltakarane om oppgåver i vanlege formiddagsgudstenester 	<p>Skapa sosialt og åndeleg fellesskap og gje kyrkjetilhøyring</p> <p>Inkludere menneske med utviklingshemming i gudstenestefellesskapet i kyrkja</p> <p>Førebu deltakarane og øve på innslag til formiddagsgudstenesta</p> <p>Møta elevane med påskebodskapet.</p> <p>Inkludering i kyrkjelydsfellesskapet</p>	<p>Frivillige i Sundagstreffkomiteen og diakon</p> <p>Frivillige i Sundagstreffkomiteen, diakon og prest</p> <p>Frivillige i Sundagstreffkomiteen, diakon og prest</p> <p>Diakon</p> <p>Diakon og prest</p>	<p>Ein søndag i månaden i Bryne kyrkje og sommaravslutning med grillfest</p> <p>Ein formiddagsgudsteneste tredje kvar semester</p> <p>Ein ettermiddag i forkant av formiddagsgudstenesta</p> <p>I veka før påske, etter avtale med skulen. I kyrkja eller på skulen.</p> <p>Fortløpande</p>
2.2.2 Andaktar og gudstenester på institusjonar <ul style="list-style-type: none"> • Bryneheimen • Sivdammen velferdssenter • Sivdamheimen • Frøyland omsorgssenter 	<p>Gje bebuarane eit åndeleg tilbod og høve til å ta del i det kristne fellesskapet</p>	<p>Diakon og prest. Organist ved nattverd</p> <p>Diakon og prest</p> <p>Diakon og prest</p> <p>Diakon, prest og samarbeid med Frøyland og Orstad kyrkje</p>	<p>Annankvar torsdag, Nattverd ein gong i mnd.</p> <p>Ein torsdag i mnd.</p> <p>Ein onsdag i mnd.</p> <p>Ein onsdag i månaden</p>
2.2.3 Innvandrarbeid <ul style="list-style-type: none"> • Delta på språkkafeen «Snakkis» som er driven av kommunen • Skapa individuelle relasjonar til innvandrarakar busett i kommunen 	<p>Støtta opp om kommunen sitt innvandrarbeid og skapa relasjonar til innvandrarakar.</p> <p>Inkludere menneske med fleirkulturell bakgrunn i kyrkjelydane sitt fellesskap og arbeid</p>	<p>Frivillige frå kyrkjelydane, Innvandrarkomiteen i Bryne kyrkje</p> <p>Frivillige i kyrkjelyden</p>	<p>Kvar måndag ettermiddag</p> <p>Kontinuerleg, og gjennom «Snakkis» kafeen</p>

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
2.2.4 Fellesskapsbyggjande arbeid <ul style="list-style-type: none"> Familiefokus etter skuletid 	Skape inkludering og trivsel i kyrkjelyden, og å auke born sin gudsteneste-involvering	Kyrkjelydsutviklar og diakon	Tysdag kl. 13-15 dei vekene det er Familiefokusgudsteneste.
2.2.5 Smågrupper <ul style="list-style-type: none"> Ha eit tilbod om smågruppe 	Gje fellesskap gjennom smågrupper til alle som ønskjer det	Sokneråd, diakon, prest og frivillige	Kontinuerleg
2.2.6 Kyrkjeskys	Hjelpe dei som ikkje sjølv klarer å kome til kyrkja	Frivillige	Kontinuerleg
2.2.7 Arrangere medarbeidarfest/samling	Gje oppmuntring og inspirasjon til dei som er frivillige i kyrkjelyden	Stab og sokneråd	1 gong annan kvart år i Bryne kyrkje
2.2.8 Ta imot folk som kjem til kyrkja	Gje både nye og faste kyrkjegjengarar ei oppleving av å bli godt mottekne i kyrkja	Kyrkjevertar, kyrkjekaffi-komité, og dåpsvertar	Kontinuerleg

3. Vern om skaparverket

3.1. Hovudmål

1. Kyrkje og kyrkjelyd arbeider med den bibelske forståinga av Guds skaparverk og mennesket som ein del av det.
2. Kyrkjelyden og den enkelte er aktivt og konkret med på å skape ein positiv livsstil som fremjar balanse og heilskap.

3.2 Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
3.2.1 Vera Grøn kyrkjelyd	Fylgja opp handlingsplan som gjer status som "Grøn kyrkjelyd"	Ein frivillig komité utnemnd av Bryne Sokneråd. Oppfyljinga gjeld alle i kyrkjelyden	Kontinuerleg
3.2.2 Bevisstgjøring og holdningsskapande arbeid	Påverka folk sine levevanar og holdningar ifh. til miljø spørsmål	Stab og sokneråd saman	Kontinuerleg
3.2.3 Tilby retreat på Utstein Pilgrimsgard	Lyfta opp stillhetsarbeidet og gjera det tilgjengeleg for medlemmane i kyrkjelyden	Sokneråd, prest og diakon	Kontinuerleg

4. Kampen for rettferd

4.1. Hovudmål

1. Kyrkje og kyrkjelyd engasjerer seg i rettferdig fordeling av ressursane i verda.
2. Kyrkje og kyrkjelyd står opp for menneske som får krenkt menneskeverdet sitt.

4.2 Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
4.2.1 Fasteaksjonen			
<ul style="list-style-type: none">• Delta i innsamlingsaksjonen	Samle inn pengar til Fasteaksjonen	Kateket, diakon, konfirmantar m/foreldre, Bryne diakoniutval, frivillige	Kvart år, tysdag før Palmesundag.
<ul style="list-style-type: none">• Utlegging og bruk av fasteaksjonsmateriell	Spreie kunnskap om tema for Fasteaksjonen	Kateket, diakon, prest	Kvart år i fastetida.
4.2.2 TV-aksjonen	Kyrkjelyden støtter opp om diakonale tiltak i samfunnet / samle inn pengar til prosjektet	Bryne diakoniutval, diakon og frivillige	Kvart år i oktober på TV-aksjons dagen
4.2.3 Kyrkjelydens misjonsprosjekt	Gje støtte til misjonsprosjektet og spreie engasjement omkring misjon.	Misjonsutvalet	Kontinuerleg
4.2.4 Ofringar til organisasjonar som driv misjon/humanitært arbeid	Gje støtte til humanitære organisasjonar gjennom å samle inn pengar	Soknerådet	Ved fordeling av offer

- **Diakoniplanen er evaluert og revidert av diakon og diakoniutvalet**
- **Planen er godkjend av soknerådet hausten 2017**
- **Planen er oversendt til fellesrådet oktober 2017**

Tidpunkt for ny evaluering: Våren 2019.